

**Fra:** Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)

**Sendt:** 05.04.2016 21:40:34

**Til:** 'Julian Berntzen'; 'Kristian Stockhaus'; Wenche Gausdal

**Kopi:** 'Inni Mowinckel'; Ronny Skaar

**Emne:** Fagpanel under UKM-festivalen i Hordaland 2016

**Vedlegg:** image001.png;Rettleiing for Fagpanel 2016.docx;Skjema for fagpanel SCENE.docx

Hei Julian, Kristian og Wenche!

Tusen takk for arbeidet dykk gjorde i fjor og for at dykk kjem tilbake i år for å vere fagpanel for scene! Det nærmar seg UKM-festivalen i Hordaland og vi gler oss.

Som dykk veit er oppgåva til fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland ikkje enkel, og gjer arbeidet annleis om det hadde vore ein ordinær konkurranse. UKM ønskjer å vere ein kanal for det mangfaldet som finst blant ungdom. Dei som vert sendt vidare til landsfestivalen i Trondheim skal gi eit bilet av kvaliteten, mangfaldet og bredda av kulturaktivitetane blant ungdom i Hordaland. Ingen uttrykk er meir verdifulle enn andre.

Det har vore viktig for Hordaland fylkeskommune at fagpanelet består av personar med høg fagkompetanse og som viser eit engasjement for ung kultur. Vi vil rette ein stor takk til deg for at du ønskjer å vere ein del av fagpanelet under UKM – festivalen i Hordaland. Vedlagt er eit skriv om rettleiing for fagpanelet (oppdatert frå i fjor), i tillegg til jusykjema for kvar deltakar (i tilfelle dykk vil ta ein titt før neste helg). Kontrakt for oppdraget vert sendt per post denne veka.

I år har deltakarane fleire workshops å velje mellom, i tillegg til at vi tilbyr scenedeltakarar å spele med eit profesjonelt husband (framfor å nytte playback). Det er overnatting for alle i Haugeveien 28 (Bergen tekniske fagskole sine lokaler) og heile festivalen «brakar laus» for deltakarane kl.19:30 fredag 15.april. Framsyningar i Røkeriet vert frå kl.13:00 både laurdag og sundag. Det hadde vore fint om dykk var tilstade på USF ca. kl.12:00 så dykk kan få litt mat og vi kan ta ein liten gjennomgang av kjøreplanen. Eg printar ut blekke med juryskjema til dykk alle saman.

Ta gjerne ein titt på programmet på [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland).

Vi gler oss til å møte dykk.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)